



Stad kommune

Grunnlagsdokument planstrategi

Forventningar til kommunen si planlegging



Innhald

1 Innleiing.....	2
2 Nasjonale forventningar	2
3 Regionale forventningar	3
4 Forventningar om plan som føresetnad for støtteordningar	4
5 Lokale forventningar.....	5

1 Innleiing

Kommunen har eit stort ansvar for å vere pådrivar for lokal samfunnsutvikling gjennom samfunns- og arealplanlegging. Nasjonale og regionale myndigheiter har forventningar til

kva kommunen skal planlegge. Dei fleste forventningane handlar om innhaldet i kommunen sine planar og på kva måte ein knyter kunnskap til handling.

2 Nasjonale forventingar

Nasjonale forventningar til kommunal planlegging er å finne i [«Nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging 2019–2023»](#). Regjeringa legg her vekt på at vi står ovanfor fire store utfordringar:

1. å skape eit berekraftig velferdssamfunn
2. å skape eit økologisk berekraftig samfunn gjennom mellom anna ein

offensiv klimapolitikk og ei forsvarleg ressursforvaltning

3. å skape eit sosialt berekraftig samfunn
4. å skape eit trygt samfunn for alle

FN sine berekraftmål skal også i Noreg vere hovudsporet for å ta tak i dei største utfordringane i vår tid. Regjeringa vil utvikle indikatorar for berekraftmåla, slik at effekten av kommunane sin eigen innsats i dette arbeidet mot felles mål kan målast.



Figur 1: FN sine berekraftmål¹

Regjeringa har konkrete forventningar til planlegging som verktøy for heilskapleg og berekraftig utvikling. Regjeringa ynskjer ei tydleg retning for samfunnsutviklinga, effektive og kunnskapsbaserte planprosessar,

god gjennomføring av arealplan, auka bruk av digitale verktøy i planlegginga.

Heilt konkret ynskjer regjeringa at FN sine berekraftmål vert lagt til grunn for samfunns- og arealplanlegginga, at kommunen sine

¹ Kjelde: <https://www.regjeringen.no/contentassets/cc2c53c65af24b8ea560c0156d885703/nasjonale-forventninger-2019-nn.pdf>

planar er oppdaterte og møter framtidsbehova, at planane er basert på eit oppdatert kunnskapsgrunnlag og at det regionale planforumet vert nytta aktivt.

Vidare har regjeringa konkretisert forventningane til innhaldet i den kommunale planlegginga innanfor tre hovudområde:

1. Vekstkraftige regionar og lokalsamfunn i heile landet
2. Berekraftig areal- og transportutvikling
3. Byar og tettstader der det er godt å bu og leve

Dei konkrete forventningane innanfor desse områda må følgjast opp i samfunns- og arealplanlegginga.

Meldingar til Stortinget syner prioriterte politikkområde på nasjonalt nivå. Tema som har vore tatt opp dei siste fire åra er mellom anna: tidleg innsats i oppveksten, distrikt, fiskerinæring, folkehelse, helsenæringa, ulikskap og låg inntekt, frivillig innsats i samfunnet, kultur, kvalitet i livet som eldre, IKT-tryggleik, FN sine berekraftsmål, reiseliv, berekraftige byar og sterke distrikta, samfunnstryggleik, digital agenda, naturmangfald og likestilling.

3 Regionale forventningar


Kommunane skal legge den regionale planstrategien til grunn for planarbeidet i regionen².

Arbeidet med den regionale planstrategien for Vestland fylke er starta opp. Det førebuande arbeidet omfattar fleire grunnlagsdokument, som har vore drøfta i ulike forum³.

Dei mest sentrale utviklingstreka for nye Vestland fylke er samla i dokumentet; «Vestland. Statistikk og utviklingstrekk».

Vidare er det utarbeidd ei folkehelseoversikt; «Vestland. Folkehelseoversikt 2019-2023» og eit utfordringsdokument; «Vestland. Utfordringar for fylket og regionane»

I folkehelseoversikta er FN sine berekraftsmål sett i samanheng med miljømessig, sosial og økonomisk berekraft.



Figur 2: Dette er ein illustrasjon på dei økonomiske og sosiale dimensjonane ved berekraft og omkransa av og del av dei miljømessige.
Kjelde: Azote Images for Stockholm Resilience Centre

Figur 2: FN sine berekraftsmål plassert i forhold til miljømessig, sosial og økonomisk berekraft⁴


Sosial berekraft er avhengig av miljømessige berekraft, den er også ein føresetnad for økonomisk berekraft.

I folkehelseoversikta er det lagt vekt på at folkehelse vert skapt. Korleis samfunnet er bygd opp påverkar helsa til innbyggjarane. Samfunnsutvikling påverkar difor folkehelsa.

² Kjelde: Plan- og bygningslova § 7-2 andre ledd.

³ Kjelde: <https://www.sj.no/regional-planstrategi-for-vestland-fylke.505790.nn.html>

⁴ Kjelde:
https://img4.custompublish.com/getfile.php/4532592.2344.wllbjpmas7uqma/11506800+Rapport_Vestland-Folkehelseoversikt-innmat-ISSUU.pdf?return=www.sj.no



Figur 3: Byggeklossane i sosial berekraft⁵

Folkehelseoversikta er bygd opp rundt desse fire dimensjonane. Dimensjonane er i folkehelseoversikta knytt saman med dei mest relevante berekraftmåla til FN.

Hovudutfordringane for Vestland fylke er i utfordringsdokumentet samanfatta i følgjande overskrifter:

1. Klimaomstilling
2. Balansert areal- og naturressursbruk
3. Gode transportsamband og smart mobilitet
4. Grøn konkurranseskraft
5. Digitalisering av samfunnet
6. Relevant kompetanse og kunnskap
7. Attraktive stader og gode nærmiljø
8. Eit fornyande, profesjonelt og frivillig kulturliv
9. Likeverdig samfunn
10. Ungdom – trivsel og miljø

Hovudutfordringane som er trekt fram, fangar opp FN sine berekraftsmål. Regionale mål og strategiar vil bli utarbeidd på grunnlag av ei vidare prioritering og konkretisering av desse måla og utfordringane. Vestland fylke arbeider med å implementere FN sine berekraftsmål i den nye regionale planstrategien⁶.

4 Forventningar om plan som føresetnad for støtteordningar

Nasjonale og regionale støtteordningar vert nytta for å bidra til ynskt samfunnsutvikling. I støtteordningar som er retta inn i mot kommunane er det ofte lagt inn ein føresetnad om at kommunen har ein oppdatert plan for området som støtta er retta mot.

Når vi i planstrategien skal vurdere planbehovet dei neste fire åra, må vi ta omsyn til dette momentet. Døme på slike støtteordningar er trafikktryggingstiltak i kommunane og tildeling av spelemidlar.

⁵ OsloMet har utvikla ein modell som syner ulike dimensjonar av forhold som verkar inn på helsa. Denne modellen er forenkla, omsett til nynorsk og nytta i folkehelseoversikta til Vestland. Kjelde: https://img4.custompublish.com/getfile.php/4532592.2344.wllbjpmas7uqma/11506800+Rapport_Ve

[stland-Folkehelseoversikt-innmat-ISSUU.pdf?return=www.sj.no](#)

⁶ Jf. Innspel til planstrategi for nye Stad kommune, datert 01.11.2019.

5 Lokale forventningar

Kva vi skal oppnå i Stad kommune er nedfelt i «Intensjonsavtale for nye Eid/Selje kommune». Hovudformålet med samanslåinga er nedfelt i fire punkt:

1. Sikre gode, føreseielege tenester for innbyggjarane
2. Vere ein attraktiv lokaliseringstad for ny næringsverksemd, fylkeskommunale og statlege arbeidsplassar. Den nye kommunen skal ha særleg fokus på å utvikle sterke kompetansemiljø og størst mulig ringverknader knytt til havrommet, vekstpotensialet i kystnæringane, reiseliv og ny fornybar energi
3. Sterkare gjennomslagskraft i samferdslespørsmål og andre regionale saker
4. Ha ein folketalsvekst i den nye kommunen på eller over landssnittet, for å sikre inntekter og kommuneøkonomi til å gje gode tenester til alle innbyggjarane

I intensjonsavtalen er det også lagt vekt på gode tenester:

1. Utvikle desentraliserte tenestetilbod folk treng i kvardagen - som skular, sjukeheimar, helse, barnehagar og kulturtildel - i alle deler av kommunen.
2. Bli blant dei beste kommunane i Noreg innanfor skule/utdanning og kultur
3. Vere ein aktiv samfunns- og næringsutviklar og etablere møteplassar, partnarskap og

samhandling. Det skal leggast til rette for å kunne bu, arbeide og ha tilgang til fritidstilbod i alle deler av kommunen

4. Vere ein utviklande og attraktiv arbeidsplass. Skape større og sterke fagmiljø som gjev betre grunnlag for rekruttering og kompetanseutvikling.
5. Sørgje for ein effektiv tenesteproduksjon der tenester folk treng i kvardagen blir gitt nær der folk bur, medan forvaltingstenester og administrasjon blir effektivisert og digitalisert i så stor grad som råd er.

Samfunnsmålet for kommunesamanslåinga vart nærmare konkretisert og vedteke av Fellesnemnda for Eid og Selje⁷: «Stad er eit livskraftig og trygt samfunn der vi alle dreg i lag». Samfunnsmålet har vore viktig i samanslåingsarbeidet og vil vere med som eit grunnlag vidare.

I folkevaldopplæringa for nye Stad kommunestyre vart det lagt vekt på samskaping. Vi må planlegge for å bevege oss frå dagens tankesett til morgondagenstenkesett; samskapingskommunen, jf. illustrasjonen under. Ressursmobilisering vil vere viktig i planlegginga framover.

⁷ Fellesnemnd for Eid og Selje 18.01.2018, FEN-009/18




Figur 4: Vegen til samskapingskommunen⁸

Samskaping krev nytenking. Vi må sjå utover kommunen som organisasjon. Ved å mobilisere ressursane i lokalsamfunnet kan vi skape gode liv i vår kommune.

For å oppnå eit godt samfunn og gode tenester må dei ulike einingane i organisasjonen arbeide saman, på tvers av fagområde. Illustrasjonen frå Munikum illustrerer korleis organisasjonen heng saman.

Kommunen har ulike rollar; tenesteytar, forvaltar, samfunnsutviklar og demokratisk arena.

I planlegginga er det viktig å huske på alle desse rollane og korleis kommunen arbeider i organisasjonen og samfunnet for å oppnå ynskt utvikling.



Figur 5: Kommunen som organisasjon. Kjelde: Munikum

⁸ Kjelde: Stad kommune Folkevaldopplæring 25.10.2019